



Jobbnorge-ID: 193881

Søknadsfrist: 01.11.2020

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Fast

Professor eller førsteamanuensis i medisin (biomedisin)

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=JRdMR-PhbBQ&t=4s>

Professor/førsteamanuensis i medisin (biomedisin)

Ved Det medisinske fakultet, Institutt for biomedisin, er det ledig ei fast stilling som professor eller førsteamanuensis (100 %) i medisin (biomedisin). Arbeidsstad er Institutt for biomedisin. Vi søker ein medarbeidar som saman med tilsette ved instituttet vil bidra til framifrå forskning og undervisning. Personen vi søker er i ein aktiv fase av karrieren, og har fagleg tyngde innfor eit forskingsfelt som er relevant for instituttet.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Den som vert tilsett skal leie og initiere forskingsprosjekt, undervise og rettleie studentar og stipendiatar, samt ta på seg administrative oppgåver etter rettleiande tidsmessige rammer. Det vert forventa at den tilsette regelmessig sender søknadar til relevante nasjonale og internasjonale kjelder for forskingsfinansiering. Undervisningsplikta i stillinga er først og fremst knytt til makro- og mikroskopisk anatomi og i fysiologi for studentar i medisin og odontologi, men personen som vert tilsett pliktar å undervise i høve til dei studieprogramma fakultetet/instituttet til ei kvar tid har. Det vert forventa høge ambisjonar og god kvalitet med omsyn til forskning og undervisning, samt aktiv deltaking i instituttet og fakultetet sitt strategiarbeid og faglege aktivitetar. Den som vert tilsett skal arbeide ved instituttet og må kunne drive forskning innanfor biomedisin / medisinske basalfag. Det er ein føremon å kunne delta i eller etablere samarbeid med ei av dei eksisterande forskingsgruppene ved instituttet.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Kvalifiserte søkjarar har norsk doktorgrad i eit relevant fagfelt, eller tilsvarende kompetanse, har medisinsk eksamen og fyller krav til utdanningsfagleg kompetanse. Den ideelle kandidaten publiserer på høgt internasjonalt nivå, kan vise til søknader og tilslag frå nasjonale og internasjonale finansieringskjelder for forskning og utdanningsarbeid, og har etablert, eller er i ferd med å etablere, eiga forskingsgruppe. Resultat oppnådd dei siste 5-7 år vil bli særleg vektlagt ved bedøminga. Den ideelle kandidaten har også erfaring med undervisning på bachelor- og masternivå eller i profesjonsutdanningar, og frå rettleiing av ph.d.-kandidatar. Erfaring frå ulike nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar, og evne til å etablere internasjonale nettverk vil telje positivt ved bedøminga, og det same gjer også erfaring av og interesse for innovasjon. Personlege eigenskapar blir vektlagt ved vurderinga.

Utdanningsfagleg kompetanse er eit krav for stillinga, sjå [Regler for vurdering av utdanningsfaglig kompetanse ved UiB](#). For førsteamanuensis gjeld at den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom krav ikkje er oppfylt før tilsetjing. Informasjon finn ein på [Eining for læring](#), Det medisinske fakultet.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjing. Kurs vert tilbode.

Vi tilbyr:

- eit godt og internasjonalt arbeidsmiljø og spanande arbeidsoppgåver i eit fakultet med fagmiljø som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt
- faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- professor vert lønt etter lønssteg 79-81 (kode 1013) i lønsregulativet til staten, for tida 789 200 - 837 200 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling. Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 66-74 (kode 1011/lønsrame 24.10), for tida kr 594 400 - 691 400, eller lønssteg 68-74 (spesialist) for tida kr 615 900 - 691 400. Løn er brutto pr. år for ei fulltidsstilling i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifisert søkjar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse

- gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- eit søknadsbrev som fortel kvifor du søker stillinga
- utfyllande CV samt relevante vitnemål og attestar
- plan for eiga forskning dei neste fem åra (maks 5 A4-sider)
- fullstendig publikasjonsliste
- pedagogisk mappe, sjå utfyllande informasjon på [Eining for læring](#)
- ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (høgst 10). For kvart arbeid skal det følgje med eit kort samandrag som omtalar dei viktigaste funna i arbeidet
- dei 10 vitenskaplege arbeida frå punktet over i pdf-format
- namn og kontaktinformasjon til minst to referansar

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: instituttleiar Mathias Ziegler, tf.: 55 58 45 91, e-post: mathias.ziegler@uib.no, eller studieleiar Arne Tjølseten, tf.: 55 58 67 86, e-post: arne.tjolseten@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Institutt for biomedisin 5020 Bergen (Bergen Kommune)